

Lars Vikør:

Endringsframlegg til det siste utkastet frå rettskrivingsnemnda

Det blir litt deja vu, men så får eg vise til dei relevante stadene i dei tidlegare innspela mine.

Eg kan ikkje invitere til omkamp overalt der eg ikkje har fått ”medhald”, for eg har jo respekt for at de må ta andre omsyn i vurderinga. Så eg vil prioritere dei punkta der eg meiner det framleis kan vere viktig å halde fram avvikande framlegg..

Skole: Her er mange usamde, og eg sluttar meg til dei. Eg meiner framlegget om å stryke det kan bryte med føresetnaden i *Mål og meining* (å ikkje stenge ute former som er i allmenn bruk blant breie grupper nynorskbrukarar, eit moment eg elles meiner nemnda i det store og heile har handtert på ein god måte). Spørsmålet om einsretting innanfor normalen i lærebøker og statleg tilfang er relevant, men dette gjeld jo òg mange andre ord og former der de tillèt valfridom. (Samlaget språkpolitikk er viktig her, og det er viktig å ha innverknad på den gjennom open dialog – det har skadd forma *skole* at Samlaget har tvinga den inn på forfattarar som helst ville ha brukt *skule*.) Eg synest ikkje normeringa av nynorsk, som skal gjelde heile språksamfunnet, skal brukast som disiplineringsverktøy overfor ei lita gruppe byråkratar og forlagfolk, same kor mye skjult makt dei rår over. Det er betre å eksponere makta deira og ta striden på den måten. Det er elles eit poeng at *skole* har vore jamstilt i over førti år utan at *skule* har blitt trengt ut eller jamvel truga av den grunn.

Eg er framleis i tvil om normeringa *brote*, *drope*, *tole*, men *flåte* er så lur; her kan det blir gjennomføringsproblem og klager frå brukar- og lærarhald. Men eg ser ikkje det som ei stor sak.

Diftongane: Eg vil foreslå at de held oppe *kjør(e)*, *mør*, *rør* og *skjør* som valfrie former. Korpuset har mest av diftongformer, men særleg ved *møyr* og *skøyr* er det nesten berre eldre kjelder som har det (særleg mye Hulda Garborg ved *møyr*).

-gj-: Det er eigentleg mot mi legning å foreslå stryking av former, men eg er likevel noko restriktiv til å ta inn nye former. Det er jo nemnda òg, og eg synest de har vore gode til å prioritere her (*svømme*, *trakt* og *fråtse* er bra, til dømes). Som før nemnt, trur eg likevel det er best å behalde dei få obligatoriske ordformene på *-lgj-*, altså *bølgje*, *følgje* (v og subst), *svelgje*, *telgje* (sjå argumentasjonen min i førre runde, jf. at *selje* og *velje* framleis skal vere obligatoriske, like eins *bylgje* og *fylgje*). Det blir meir konsistent slik. Som eg før har sagt, stør eg fullt ut resten av ”valfridomspakka” når det gjeld *-j-* vs. ikkje-*j-* – medrekna prinsippet om at det ikkje bør vere noka form for konsekvenskrav anna enn innanfor kvart einskildord (altså bør brukarane gjennomføre *tenke* eller *tenkje*, men gjerne kombinere *tenkje* og *legge*, til dømes).

Og så ville eg framleis ønskje at *spjut* vart skilt ut som separat oppslag og fekk behalde denne forma, jf. tidlegare argumentasjon.

de – dykk: Det er rimeleg at nemnda tek omsyn til motforestillingane her, sjølv om eg personleg tykkjer nemndframlegget er godt. For meg er det skiljet mellom subjektsform og objektsform som er problemet, og slik er det nok for brukarar flest òg. Så om de ikkje ønskjer å ta vekk det skiljet, er det nok best å la det vere som det er, slik at skrivemåten blir konsistent. Det verste av alt vil vere å sleppe inn *dokk(er)* e.l.l. berre som objektsform, sjølv

om det finst talemål som har det slik. Da blir den grammatiske vansken ståande, samtidig som det kjem inn ei ny uvisse med valsituasjonen, slik at eitt problem blir til to.

Med det er eg kommen til det sentrale punktet der framlegget har forbettringspotensial, nemleg e-verba.

E-verba

Eg meiner framleis at det er noko feil med analysen her, og trur at det pedagogiske knepet ”folkepensjonistar” kan ha ført vill. Det er nytta i *På godt norsk*, og utan å vite det sikkert, trur eg at det var Jan Olav F. som fann på det (dette var jo ei lærebok for statstilsette). Men meininga med ordet var å markere dei gruppene av verb som kunne eller skulle ha *-te* i læreboknormalen, det var altså eit pedagogisk verkemiddel heller enn ei systematisk gruppering. Eg meiner e-verba bør delast inn slik:

1 Verb som får *-d* gjennom heile paradigmet, med *-t* berre som ei valmoglegheit i supinum (partisippforma som følgjer etter *har*). Altså:

bygde – han er bygd – han har bygd el. bygt
trudde – han er trudd – han har trudd el. trutt

Dette er verb der stamma endar på *-g*, *-v*, *-d* eller vokal. For denne gruppa har de eit greitt framlegg.

2 Så er det verba der heile paradigmet har gjennomført *-t*. Det er dei der stamma endar på ustemt konsonant, altså *-f*, *-k*, *-p*, *-s*, *-t*. Døme:

kjøpte – han er kjøpt – han har kjøpt
reiste – han er reist – han har reist

Også denne gruppa er uproblematisk.

3 Imellom desse to ligg dei vanskelege verba. Det er dei der stamma endar på nasal (*-m(m)*, *-n(n)*, *-ng*), på *-l* eller *-r*, og på ein av desse (*n*, *l*, *r*) + *d* (som i talemålet kan vere uttala eller stum). Her er det mye vakling og skifting frå verb til verb. Men det er éin ting som er konsekvent: Supinum skal ha *-t*, også når preteritum har *-de*. Døme på dette:

kjende – han er kjend – han har kjent
sende – han er send – han har sendt
førde – han er førd – han har ført
gøynde – han er gøynd – han har gøynt

Dette er det klassiske systemet, som vart rota til da Språkrådet på åttitalet sleppte inn sideformer av typen ”[han har kjend]”, men som eg (liksom nemnda) meiner vi likevel bør basere oss på no. I denne gruppa har vi også mange verb med tillatne former på *-te* i eller utanfor klammer ([kjente, sendte], *førte*).

Det er altså denne gruppe 3 som er den vanskelege. Eg ville rå til at ein her satsar på *-te* som ”default”, men likevel slepper til valfridom eller gjennomfører *-de* i relativt greitt definerbare undergrupper. Det er særleg fire slike undergrupper eg tenkjer på:

- A Verb med diftong i rota (typen *høyre, løyne, gøyne*). Dette er normalt tradisjonelle former.
- B Verb på *-gl-, -gn-, -mn-* (typen *segle, regne, nemne*)
- C Verb med *-ng-* som stammeutlyd (her følgjer eg m.a.o. *nemnda, om enn noko ambivalent*)
- D Somme andre verb som er typisk tradisjonelle.

I tillegg meiner eg at de kan opne for a-former i ein del fleire verb der det er bruksgrunnlag for det (som *fremma* og *gremma*)

Det eg foreslår, liknar mye på det framlegget eg leverte inn rett over nyttår, og for argumentasjon på enkeltverbnivå viser eg til det eg skreiv da. Eg fører berre opp former der eg har andre framlegg enn *nemnda* går inn for.

Framlegg

-m(m)-

Dømma – dømde / dømte

Fremma – fremma

Gremma – gremma

Lima – lima / limte

Skremme – skremde / skremte

Stemma – stemde / stemte

Svømma – svømte

Temma – temde / temte

-n-

Egna – egna / egnde

Femna – femna / femnde

Hemna – hemna / hemnde

Løyna – løynde

Nemna – nemnde

Regna – regna / regnde

Røyna – røynde

Stemna – stemna / stemnde

-nd-

Henda – hende / hendte

Senda – sende / sendte

Venda – vende / vendte

-rd-

Gyrda – gyrda / gyrde

Herda – herda / herde

-gl-

Negla - negla / neglde

Sigla – sigla / siglde

-r-

Høyra – høyrde

Køyra – køyrde (men kjøra – kjørte, jf. framlegg ovf.)